

# Kronikk

KRONIKK MAKS 7000 TEIKN INKL. MELLOMROM  
ordskifte@dagogtid.no

«Dei mellomstore bruka er mest sårbare i dagens polariserte marknader.»

## Oppskalering av landbruket

«Blue Cow Inn» heitte gjestgiveriet eg tok inn på i den vesle landsbyen South Witham i Lincolnshire. Og eg tenkjer dei skal få mjølke til dei vert meir enn blå, dei 8100 kyrne som tre finanskompisar vil byggje fjøs til like nordom her ved småbyen Nocton. Meir enn 250.000 liter mjølk om dagen planlegg dei å produsere på det som vil verte Europas største mjølkebruk. Rett nok har selskapet Nocton Dairy Ltd. nedskalert planane sine noko for å møte kritikken frå dyrevelferdsgrupper og aktørar i lokalsamfunnet. Men likevel ikkje meir enn at alle forstår at nedskaleringa til litt under 4000 kyr einast er ei utbygging i to etappar.

### BLÅRUSSEN KJEM

For medan fleire kjeledresskleddede bønder ser ut til å få ein gryande tvil til den landbruksøkonomiske læresetninga om at vegen til velstand og lykke går gjennom mekanisering, utviding og effektivisering, har landbruket vorte jamt meir attraktivt for bønder med slips kring nakken og diplom frå økonomihøgskulane i veska.

«Me ser at det går i retning stadig større skala i mjølkeproduksjonen no», seier Hugh Bowles. Han er tillitsvald i eit småkooperativ, eit meieri, med litt over fem hundre medlemmer i Lincolnshire. «Store buskarar med intensiv null-beite-drift», forklarar han og legg ikkje skjul på at om det er slik landbruket skal utvikle seg, så vil ikkje han vere med lenger. «Men farsarven, då?» spør eg. Han ser på meg, tenkjer... Han hadde nett fortalt meg at det veldrivne mjølkebruket, som med sine 95 mjølkekyr ligg godt under gjennomsnittstorleiken i England, har vore i familien så langt attende som til år 1670. «Forfedrane mine vil forstå meg om eg legg ned», seier han og legg til: «Dei ville lika denne utviklinga like dårleg som eg.»

### UTAN BONDEVIT

«Det er ikkje bønder, dette», seier han og hintar til folka bak Nocton Dairy Ltd., som lenge berre var eit «postboksfirma» i Nord-London. Ingen visste eigentleg kven som stod bak, anna enn at det vart spekulert i om det var ei gruppe gamle industrieigarar som ønskte å leike seg med overskotet etter eit industrisal. Pengefolk som hadde fått med seg at matvaremarknaden er framsett som ein av dei mest lovande sektorane om dagen. «Dei tenkjer ikkje som oss, dei har ingen moral (*farmer ethics*)», held Bowles fram. Han snakkar om bondearven og om å høyre til, han snakkar om etikk og om kor dårleg han likar kyllingproduksjon, som han meiner er «vondskap sett i system». No hevdar han at mjølkeproduksjonen tek store steg i same leia.

### KONTRAURBANISTANE

Det går føre seg ei omfattande oppskalering av jordbruket om dagen, i England som i resten av den vestlege verda, men samstundes som aktørar som Nocton Dairy Ltd. planlegg mega-mjølkebruk, skjer det også tre andre parallelle prosessar. Ei stor mengd bønder legg ned – sjølv om dei har hange med lenge og endåtil

### BJØRN EGIL FLØ

Det går føre seg ei omfattande oppskalering av jordbruket, i England som i resten av den vestlege verda. Mega-mjølkebruk veks fram, dei halvstore forsvinn, medan nye alternative nisjar opnar seg.



– Forfedrane mine vil forstå meg om eg legg ned, dei ville lika denne utviklinga like dårleg som eg, seier mjølkebonden Hugh Bowles i Lincolnshire, England. Foto: Wikimedia

har kome seg over seinverknadene etter kugalskapen, er det likevel ikkje meir von å spore. Bonden og bygningane er jamt slitne og treng fornying, men ungdommen lét seg heller freiste av lukrative stillingar i den blomstrande software-industrien kring gigantar som Atos Origin, Reuters og Monumental Games i Nottingham.

Samstundes ser me også spirene av det avisspaltistane og dei kulturorienterte ruralsosiologane ser ut til å like aller best å skrive om, nemleg dei unge idealistiske kontraurbanistane som no gjer sine livsstilsval og kjøper seg småbruk. I fyrstninga var det helst grønnsakproduksjon og litt katt og kaninar og nokre gamle verpe-

hønsrasar dei dreiv med. Men no har fleire av dei også teke steget inn i meir konvensjonell husdyrproduksjon. Førrels er dei få, men dei veks raskt. Dei er ressurssterke og viljuge til å tenkje alternativt både om praktisk agronomi og om organisering og samarbeid.

### GJELDA

Den tredje prosessen som skjer parallelt med at storinvestorane fattar interesse for jordbruket, er at dei tradisjonelle bøndene også oppskalere. Dei er gjerne noko yngre enn exitbøndene og har framleis vona. Dei trur enno på landbruksøkonomane og set sin lit til at dei marginale stordriftsfordelane skal gjere den store skilnaden. Dermed byggjer dei nytt for andre gong, og denne gongen tek dei retteleg i. «Dei trur dei lyt henge på», seier Hugh og fortel om naboen sin som no byggjer for 800 mjølkekyr. For berre femten år sidan gjekk han frå 150 til 300 kyr, og no legg han altså opp til meir enn ei dobling. «Du veit, han har for mykje gjeld til å leggje ned», fortel Hugh.

Han ser ut glaset og studerer ei ung nøtteskrike som står og vippar på stakittgjerdet før han sukkar oppgitt: «8000 i dag og 16.000 i morgon, dette vil ingen ende ta». Han har ei von, Hugh Bowles, ei von han tviheld på. Han tenkjer at framveksten av denne typen intensiv husdyrproduksjon vil skape opningar i marknaden, opningar for slike som han. Han tenkjer at det vil gjere forbrukaren medviten om at det finst eit alternativt landbruk, eit moralsk landbruk. Han trur på ei todeling av landbruket. «Me vil få desse gigantbruka», seier han, «og parallelt vil me få små bruk med 70–100 mjølkekyr som produserer økologisk for den kvalitetsmedvitne marknaden. Alt der imellom vil forsvinne.»

### FRIDOMEN

Hugh skisserte det som vert kalla «the disappearing middle» – eit fenomen fyrst skildra av den tyskfødde økonomen Schumacher i boka *Small is Beautiful* frå 1973, men som seinare har vorte ein eigen teori innanfor agrarsosiologien. Eigentleg er det ein teori om marknadsstruktur meir enn ein teori om skala i landbruket, og han fortel at dei mellomstore bruka er mest sårbare i dagens polariserte marknader, då dei er både for små til å konkurrere på den sterkt standardiserte «vertikalt integrerte» varemarknaden og samstundes for store til å handtere den «horisontalt integrerte» direkte-marknaden på ein fleksibel og smidig nok måte.

Medan naboen siktar på den eine marknaden, siktar altså Hugh på den andre. Begge vil dei måtte henge i med arbeidsdagar lengre enn sjølv dei mest flittige London-arane, og i pengepungen vil ingen av dei finne meir enn det ein tredje-generasjons arbeidslaus frå Sheffield finn. Det er likevel ein viktig skilnad på Hugh og naboen: gjelda og fridomen til å kunne avvikle.

Bjørn Egil Flø er cand.polit. i sosiologi og forskar ved Norsk senter for bygdeforskning.